

NOTAT

Synfaring Storevatnet i Florø 11.12.2015 kl 10:15 – 11:30

Deltakarar:

Otto Bergstrøm, leiar i fiskeutvalet, Florø jeger- og fiskeforening

Halvard Hovland, Florø jeger- og fiskeforening

Kaja Standal Moen, Flora kommune

Staffan Hjohlman, prosjektleiar Sunnfjord vassområde, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Formålet med synfaringa var å vurdere fysiske inngrep ved utløpet til Storevatnet, samt å hente inn informasjon frå Florø jeger- og fiskeforening om historikk med omsyn til miljøtilhøve og fiskeforekomstar, fysiske inngrep og framlegg til avbøtande tiltak.

Observasjonar under synfaringa:

- Øvre del av utløpet, oppstraums vegkulvert er relativt stilleflytande, og det var mykje grasvegetasjon i elveløpet.
- Det var restar av krabbeskjell i elva ved gangbru.
- Betongbjelke tvers over elva rett nedstraums vegkulverten kan utgjere fiskevandringshinder. Elva renn under bjelken.
- Ei fylling i sjøen stengde tidlegare av viken like utanfor utløpet. Fyllinga viste ved synfaringa ikkje over sjøoverflata.

Florø jeger- og fiskeforening kom med følgjande opplysningar:

- Det har tidlegare vore naturleg oppvandring av sjøaure til Storevatnet.
- Brunaure har tidlegare gytt i Litlevatnet.
- Det er tidlegare satt ut aure i Storevatnet.
- I dag er det lite eller ingen aure i Litlevatnet og Storevatnet.
- Vatna er svært næringsrike og produktive. Det har vore særdeles mykje ål i Storevatnet. Før ålen vart freda vart det drive fiske på arten i utløpet.
- Det er muleg utløpet er flytta i samband med etablering av infrastruktur (veg / bygningar).
- Vassføringa gjennom vatnet og i utløpet er redusert på grunn av fråføring av vatn oppstraums Litlevatnet.
- I etterkant av at kommunen la vassleidning på botn tvers over Storevatnet, auka algeveksten sterkt.
- Det er drive prøvefiske, samt merking og gjenfangst i fleire år. Barneskulen har deltatt i dette. Kontaktperson: Sigbjørn Steinset.

Fylkeskommunen vil vurdere å sende søknad til Klima- og miljødepartementet (Generell vassforvaltning, Kap. 1420 post 70, underpost 3) om midlar til nærare utgreiing av tilhøva for vandring, gyting og oppvekst av fisk og tiltak for å reetablere ein naturleg sjøaurebestand i Storevatnet. På sikt er det aktuelt å sjå på tiltak i elva mellom Storevatnet og Litlevatnet.

Fylkeskommunen ønsker relevant dokumentasjon frå Florø JFF og Flora kommune, til dømes historiske kart og foto av utløpet, fangstdata m.m.

Staffan Hjohlman

ref.